



---

## Referat frå møte i elevrådet Lye skule, skuleåret 2020/2021

Stad: Aulaen

Tid: **tysdag 26.januar kl. 12.00**

Tilstades: **To representanter frå kvar klasse på 2.-7.trinn**

### **Sak 1 Korleis lage kjekke friminutt der alle kan vera med i leiken? Kva kan de som klasse gjer? Forslag til TL-leiker?**

#### **Frå 7.trinn**

- Lage 3 på rad utfor 7.trinn
- Område til å ha boksen av

#### **6.trinn**

- Kome raskt med TL- leik, mindre utstyr?
- TL må spør om ein vil vera med på leiken.
- Leiker som er lett for alle å bli med på, F.eks tikken, gøyemeleiken.

#### **5.trinn**

- Skattejakt og brentball, elgen Helge.
- Litt vanskeleg å vera TL på 1.trinn.
- Inkludera alle.

#### **4.trinn**

- Bondesjakk der folk er brikker.
- Alle manns stikkball
- Leike amang us.

#### **3.trinn**

- Ønsker seg fotballbane. Rektor svarte at dei får bane når dei begynner på 4.trinn og at inndelinga er litt ekstra streng no pga covid-19.

## **2.trinn**

- Alle manns tikken, greit at mange blir med.
- Gøymeleiken
- Få meir utstyr til aktivitet
- Viktig at ingen er åleine, spør om andre vil vera med å leika.

**Sak 2 Ein av skulereglane er: Me er på Lye skule for å læra. Snakk i klassen om korleis de lærar best? På kva måte og med kva type aktivitetar lærar du best? Har klassen tips til læraren?**

## **7.trinn**

Jobba med prosjekt i grupper, men og åleine. Bra med variasjon.  
Vise kvarandre presentasjonar men forklare meir enn ein les opp.  
Ønsker meir variasjon, jobbe på ulike måter. Både praktisk og teoretisk.  
Meir undervisning ute.  
Meir kahoot.  
Ha lek som avbrekk.

## **6.trinn**

Arbeide ilag, men og åleine. Variasjon.  
Arbeide meir med tekst. Kjekt å få belønning, motiverer.  
Elevane kan forklare meir for kvarandre.  
Arbeidsprogram, der me kan velge litt.

## **2.trinn**

Meir arb.program  
Kjekt å lage kunst og handverk ting.

## **4.trinn**

Matteleiker  
Skrive for hånd, teikn, perle.

## **5.trinn**

Skrive meir i bøker.  
Jobba i grupper.  
Ha det rolig i timane  
Jobbe på andre plasser enn klasserommet.

## **3.trinn**

Liker å ha samling på ringen.  
Bruke ulike apper

Oppgåver saman med læringsvenn  
Lære fakta.

### **Sak 3 Saker frå klassane.**

#### **Her er ei oppsummering av innspel/ønskjer som kom frå klassane.**

Meir tid til leik, då blir me godt kjent.

Praktiske fag og eigne måtar å jobbe på. Velje sjølv.

Mellomtrinnet ønsker seg keeperhansker som ligg på skulen. Rektor svarte at det kan me vurderer når covid-19 er over. Per dags dato kan me ikkje bytte på å bruke keeperhanskane.

Vekelekse, isteden for dag til dag (7.trinn).

Vera inne når stygt ver i friminutta. Rektor svarte at det må dei dessverre vente med til dei begynner på ungdomskulen, då får dei vera meir inne. Oppfordrar alle til å kle seg godt og bruke uverskura når det trengs.

Ønsker å vera på iPad frå 08.20 – 08.30, 7.trinn.

Meir organisert leik når me er på uteskule. Oppgåver som handler om naturen på uteskule.

**Sigrid Kjetland**  
referent/rektor